

Stadig nok nytt i Ospelunden.

03.05.2015



Ein ny tomanns-bustad veks opp i Ospelunden

I Ospelunden Byggjefelt har det verkeleg skjedd store endringar siste året. Nyleg var det innflytting i einebustaden inst i feltet. Det er berre småting som gjenstår før Janne Helen og Geir Inge Koløy flyttar inn i sitt hus, og no er byggearbeidet godt i gang på den femte tomanns-bustaden i feltet.

Den eine leiligheten i denne bustaden er alt seld medan den andre førebels er ledig. Oddbjørn Kroka i Ospelunden kan melda om god aktivitet og om interessentar til fleire tomtar.

Elles er det også god aktivitet i andre felt, og det vert spennande og interessant å følgja bygginga i bygda framover.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland